

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fylkeseldrerådet</b>
<b>Møtestad:</b>	Videomøte/fjernmøte
<b>Dato:</b>	28.04.2020
<b>Tid:</b>	10:00

*Viktig: For å sikre at alt teknisk er på plass til møtestart, må alle vera logga på **frå kl. 09.30**.  
Det vert sendt epost med lenkje til møterommet.*

### Program:

10.00-10.15 Opning av møtet

10.15-11.30 Orienteringar - avd. for kultur, idrett og inkludering:

- Den Kulturelle Spaserstokken  
v/rådgjevar Simen Lagesen Krogstie, KII - Kulturformidling
- Frivillig kulturliv/frivilligpolitikk for Vestland på tvers av sektorar -  
i samarbeid med Frivillighet Norge i 2020  
v/seniorrådgjevar Åge Avedal, KII - Kunst og kulturutvikling

11.30-12.00 Pause

12.00- Orienteringar - avd. for mobilitet og kollektivtransport

- «Einerettar for drosje»
- Kort informasjon om arbeidet med samordninga av TT-ordninga i  
Vestland fylkeskommune  
v/spesialrådgjevar Nils Tore Eldegard, avd. MOB - stab

Sakshandsaming

Spørsmålsrunde

### Forfallsmelding:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmar i fylkeseldrerådet.

**Til dette møtet har Kristoffer Skjolden meldt forfall. Varamedlem Aud Karin Neteland stiller.**

Ved eventuelt forfall frå øvrige faste medlemmar vil varamedlemar bli kalla inn særskilt.

Harald Ekroll

leiar

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 5/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 24.02.2020	2020/1928	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 9/20	Folkehelseprofilar 2020. Ny kartløyising og oppdatering av status for Vestland	2020/41394	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 14/20	Møteplan for fylkeseldrerådet 2020 - endring	2020/1928	
PS 15/20	Einerettar for drosje	2020/1928	
PS 16/20	Fylkeseldrerådet - handlingsplan for perioden 2019-2023, oppfølging av sak	2020/1928	
PS 17/20	Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020- 2024, oppfølging av sak	2020/1928	
PS 18/20	Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysing og tildeling av tilskot	2020/1928	
PS 19/20	Høyring - Forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetenesta	2020/1928	
PS 20/20	Vidareføring av servicelina i Bergen - aldersvenleg transport	2020/1928	

## **Godkjenningssaker**

**GK 5/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

---

Saknr: 2020/1928-33  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	6/20	28.04.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 24.02.2020

Møtebok frå møte i fylkeseldrerådet 24.02.2020 er lagt ved saka.

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	<b>Fylkeseldrerådet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fløien 2.et, Fylkeshuset, Sandslihaugen 30, 5254 Sandsli
<b>Dato:</b>	24.02.2020
<b>Tid:</b>	10:00-14:30

### Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KrF
Gunvor Riim Opedal	Medlem	Pensjonistforbundet
Kjellbjørg Dagny Lunde	Medlem	LOP
Harald Kåre Ekroll	Leiar	Postpensjonistane S&F
Berit Anita Knudtsen Larsen	Medlem	Fjell Eldreråd
Kristoffer Skjolden	Medlem	Pensjonistforbundet
Martin Monrad Reigstad	Medlem	Pensjonistforbundet

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	Pp
Vigdis Helene Ravnøy	Nestleiar	Pensjonistforbundet

### Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kirsten Lunde Juvik	Kurt Johnny Hæggernæs	FNB gjekk 13:45

### Merknader

Sigrun Marit Hansen, Pensjonistforbundet, var kalla inn, men møte ikkje.

### Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	fylkesrådmann
Else Marie Brobakk Aarø	seniorrådgjevar SUD, klima, miljø og folkehelse
Anne Mette Nesje Porten	seniorrådgjevar SUD, klima, miljø og folkehelse
Andreas Ask	rådgjevar SUD, klima, miljø og folkehelse
Arvid Hauge	rådgjevar SUD, klima, miljø og folkehelse
Dagmar Reutz Hillestad	som utvalsssekretær, politisk sekretariat

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 28.01.2020	2020/1928	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 09/20	Eldrerådskonferansen 2020	2020/1928	
PS 10/20	Vestlandskonferansen 2020	2020/1928	
PS 11/20	Fylkeseldrerådet - handlingsplan for rådet for perioden 2019- 2023	2020/1928	
PS 12/20	Fylkeseldrerådet - oppfølging av saker og planlagde aktivitetar våren 2020	2020/1928	
PS 13/20	Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024	2020/1928	

## Godkjenningssaker

### GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 24.02.2020 - fylkeseldrerådet

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### GK 4/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 28.01.2020

Saksprotokoll i 24.02.2020 - fylkeseldrerådet

**Monrad Martin Reigstad** hadde følgjande merknader til møteprotokoll av 28.01.2020:

«Det er framleis feil namneoppføring på to av dei faste medlemene i fylkeseldrerådet. Det gjeld Kristoffer Skjolden og Martin Monrad Reigstad».

**Martin Monrad Reigstad** hadde merknader til oppfølging av uttalen i sak PS 7/20:

Fylkeseldrerådet ber om at uttalen frå rådet til «Integrasjon av kollektivområdet i Vestland fylkeskommune» vert oversendt avd. for samferdsel og mobilitet.

#### **Vedtak**

Møteprotokollen vart godkjent med desse merknadene.

## Politiske saker

### PS 9/20 Eldrerådskonferansen 2020

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å invitera dei kommunale eldreråda i Vestland fylke til eldrerådskonferanse hausten 2020. Det er viktig at ein allereie no startar planlegginga med omsyn til dato og konferansestad. Fylkeseldrerådet vel å oppnemnda ei arbeidsgruppe på tre personar til å førebu konferansen.

#### Saksprotokoll 24.02.2020 -fylkeseldrerådet

#### Harald Ekroll sette fram følgjande forslag:

«Arbeidsgruppa vert samansett av leiar Harald Ekroll, nestleiar Vigdis Ravnøy og medlem Martin Monrad Reigstad. Utvalssekretæren tiltrer arbeidsgruppa.

#### Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å invitera dei kommunale eldreråda i Vestland fylke til eldrerådskonferanse hausten 2020. Det er viktig at ein allereie no startar planlegginga med omsyn til dato og konferansestad. Fylkeseldrerådet vel å oppnemnda ei arbeidsgruppe på tre personar til å førebu konferansen. Arbeidsgruppa vert samansett av leiar Harald Ekroll, nestleiar Vigdis Ravnøy og medlem Martin Monrad Reigstad. Utvalssekretæren tiltrer arbeidsgruppa.

### PS 10/20 Vestlandskonferansen 2020

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å ta imot invitasjonen frå Rogaland fylkeseldreråd til vestlandssamlinga i mai 2020. Samlinga finn stad på Sola Strandhotell onsdag 13.- torsdag 14. mai.

#### Saksprotokoll 24.02.2020 - fylkeseldrerådet

#### Harald Ekroll sette fram følgjande forslag:

Dei faste medlemmane i fylkeseldrerådet tek del saman med utvalssekretæren.

#### Avrøysting

Ekroll sitt forslag var samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å ta imot invitasjonen frå Rogaland fylkeseldreråd til vestlandssamlinga i mai 2020. Samlinga finn stad på Sola Strandhotell onsdag 13.- torsdag 14. mai.

Dei faste medlemmane i fylkeseldrerådet tek del saman med utvalssekretæren.

### PS 11/20 Fylkeselderådet - handlingsplan for rådet for perioden 2019-2023

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek at det skal utarbeidast ein handlingsplan for rådet for valperioden 2019-2023.



## **Saksprotokoll i 24.02.2020 - fylkeseldrerådet**

**Harald Ekroll** sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet arbeider vidare med ein handlingsplan for rådet for inneverande periode, og ber utvalssekretæren leggje fram eit utkast til plan til neste rådsmøte 28. april.»

### **Avrøysting**

Ekroll sitt forslag fra samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek at det skal utarbeidast ein handlingsplan for rådet for valperioden 2019-2023. Fylkeseldrerådet arbeider vidare med ein handlingsplan for rådet for inneverande periode, og ber utvalssekretæren leggje fram eit utkast til plan til neste rådsmøte 28. april.

## **PS 12/20 Fylkeseldrerådet - oppfølging av saker og planlagde aktivitetar våren 2020**

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonen

## **Saksprotokoll i 24.02.2020 - fylkeseldrerådet**

**Harald Ekroll** sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet tek saka til orientering».

### **Avrøysting**

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet tek saka til orientering.

## **PS 13/20 Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024**

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

## **Saksprotokoll i 24.02.2020 - fylkeseldrerådet**

**Harald Ekroll** sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet tek presentasjonen frå seksjon plan, klima og folkehelse til orientering. Rådet vil gi uttale til regional planstrategi når plandokumentet kjem på høyring».

### **Avrøysting**

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet tek presentasjonen frå seksjon plan, klima og folkehelse til orientering. Rådet vil gi uttale til regional planstrategi når plandokumentet kjem på høyring.

## **Referatsaker**

**RS 9/20 Folkehelseprofilar 2020. Ny kartløyising og oppdatering av status for Vestland**

---

**Saknr:** 2020/41394-6  
**Saksbehandlar** Aina Haugstad  
**Dato:** 01.04.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon - OPPKO - SAMO - KULII - FYEL - FUV - RMNF - FTU

---

**Frå:** Fylkesrådmann Rune Haugsdal

---

## Folkehelseprofilar 2020. Ny kartløyning og oppdatering av status for Vestland

### Nytt folkehelsebarometer i Vestland

Fylkeskommunane har ei lovpålagd oppgåve å støtte kommunane i deira tverrsektorielle og systematiske folkehelsearbeid. Fylkeskommunen har også eit sjølvstendig ansvar i å halde oversikt over utviklinga i folkehelsa i eiga befolkning. På begge desse områda er Vestland fylkeskommune langt framme med å finne nye arbeidsverktøy. Det er eit mål å lette kommunane sitt arbeide slik at dei kan nyttiggjere seg informasjon frå offentlege statistikkbankar og informasjon frå fylkeskommunen på ein lettare måte.

Kvart år gir Folkehelseinstituttet ut Folkehelseprofilar for alle kommunar og fylke i Noreg, i tillegg til bydelar i dei største byane. Dette er eit godt og nyttig verktøy som ledd i kommunar og fylkeskommunar sitt arbeid med å ha oversikt over helsa i eiga befolkning. Folkehelseprofilane har nytt tema kvart år, men har alltid med eit oppdatert folkehelsebarometer. Folkehelseprofilane blir utgjeve som pdf, og er å finne på Folkehelseinstituttet sine sider. Årets folkehelseprofilar vart publiserte i mars, først for kommunane, tre veker seinare for fylka.

Ulempa med ein pdf-presentasjon, er at det gjer det vanskelegare å samanlikne kommunar med kvarandre, og for fylkeskommunen å få overblikk over variasjonen mellom kommunane i fylket. Seksjon for statistikk, kart og analyse har utarbeidd ein ny presentasjonsform av Folkehelseprofilane for å svare på denne utfordringa. Gjennom ei interaktiv kartløyning, blir dei same dataa presenterte i klikkbare kart som raskt gir overblikk over fylket. Her blir informasjonen frå folkehelsebarometeret nytta, samstundes som deler av teksten frå publikasjonen «Folkehelseprofil» også blir presentert undervegs. I tillegg får vi sjå utviklinga over tid for den valde indikatoren, og kan dermed gje ein peikepinn på om utviklinga i kommunane skuldast lokale tilhøve eller føl nasjonale/regionale trendar.

Kartløyninga kan utforskast nærmare via lenka: [Folkehelsebarometer for Vestland 2020](#)  
Designet er brukarvenleg slik at informasjonen blir lett tilgjengeleg for alle. Denne nye måten å presentere statistikk på vil vere eit nyttig verktøy for politikarar, leiarar, planleggarar, folkehelsekoordinatorar og andre til å raskt å få overblikk over folkehelsesituasjonen i kommunane og i fylket. Kartløyninga vil og bidra til at fylkeskommunen får eit raskare overblikk over folkehelsesituasjonen, noko som er nyttig i utviklinga av det strategiske plan- og folkehelsearbeidet i fylket vårt.

### Sosial berekraft som tema

Folkehelsebarometeret inneheld 30-34 indikatorar som saman seier noko om status for folkehelsa i aktuell bydel/ kommune/ fylke. Fordelen med dette barometeret, er at alle tal er standardiserte slik at bydelen/ kommunen/ fylket enkelt kan samanlikne seg med resten av kommunen/ fylket/ landet. Barometeret inneheld mykje informasjon, men er utarbeidd på ein slik måte at det er enkelt å få oversikt over kommunen sin rangering i høve landet gjennom til dømes ei «trafikklysordning»

der grønt er betre enn landet, gult er ikkje signifikant forskjellig, mens raudt er dårlegare enn landet.

Årets folkehelseprofilar har sosial berekraft som tema og tre nye indikatorar har kome til som følge av dette. Desse er også relevante for det pågåande arbeidet med Utviklingsplanen for Vestland:

#### Trygt nærmiljø

Av desse er det åtte kommunar som ligg signifikant betre an enn landsnivået, 20 kommunar ligg likt med landsnivået, og berre to kommunar—Bergen og Askøy—der ungdommen føler seg signifikant mindre trygge i sitt nærmiljø på kveldstid enn landsnivået. Det er ingen av bydelane i Bergen der ungdommen føler seg tryggare enn landsnivået. Denne indikatoren finns ikkje på fylkesnivå.

Her har vi imidlertid lært frå rapporten “Korleis har ungdommen i Hordaland det?” at kven som kjenner seg utrygge ikkje er jamt fordelt mellom ungdom. Også i kommunar der ungdommen i snitt opplever nærmiljøet som trygt, er det fleire som kjenner seg utrygge blant dei som oppgjev å bu i ein familie med dårleg råd.

#### Kollektivtilbod

Bergen er einaste kommune i fylket der ungdomsskuleelevane er signifikant meir nøgd enn landet på denne indikatoren. Dette gjeld òg alle bydelane. Fem kommunar er likt med landsnivået, mens heile 27 kommunar ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået på ungdommar si vurdering av kollektivtilbodet.

Denne indikatoren er heller ikkje laga for fylka, men det ser ikkje ut som om Vestland skil seg frå resten av landet: [Distriktssenteret](#) har også vist til at ungdom i distriktkommunar er mindre nøgd med kollektivtilbodet enn ungdom i sentrale kommunar. Vi såg også det same mønsteret for den vaksne befolkninga i resultatata frå dei to fylkeshelseundersøkingane vi gjennomførte for [Hordaland](#) (2018) og [Sogn og Fjordane](#) (2019).

#### Melde tilfelle av vald

Når det gjeld melde tilfelle av vald ligg fylket og 22 kommunar signifikant betre an enn landsnivået. Fem kommunar er likt med landsnivået. Berre Bergen kommune ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået. 15 kommunar manglar data, og det finns ikkje data på bydelsnivå. Likevel vil det i hovudsak vere i Bergenhus at mange av tilfella av vald skjer, i samband med skjenkestader. Det betyr ikkje at det treng vere innbyggjarane i Bergenhus som er særleg utsette, men at innbyggjarar frå andre bydelar—og kommunar—også utøver og blir offer for vald. Tala per innbyggjar kan dermed vere for låge for dei omkringliggande kommunane.

Sjølv om indikatoren er ny i folkehelsebarometeret, er det publisert historiske data. Historikken viser ei positiv utvikling for Vestland og Bergen sin del, og negativ for landet sin del. For 2017-2018 var det i Bergen 7,9 melde tilfelle av vald per 1000 innbyggjarar. Til samanlikning har landet hatt låge tal på tilfelle frå 2014-2016 med 6,6 tilfelle per 1000 innbyggjarar, men dette auka brått til 6,9 tilfelle i 2017-2018.

### Status i Vestland

Vestland har signifikant større del av befolkninga i både dei eldste og dei yngste aldersgruppene, samanlikna med landet. Det er også signifikant færre som bur åleine. Dette kan vere verdt å merke seg i den generelle samfunnsplanlegginga. Det er mykje som er bra i Vestland og som held seg på eit stabilt nivå. På mange av indikatorane - så mange som 17 av 34 - ligg Vestland signifikant betre an enn landet. Her er det likevel viktig å merke seg at fylkestala dekker over store variasjonar på

kommunenivå. Det er kommunar som er raude, gule og grønne på alle indikatorane, uavhengig av farge på fylket. Her er vår nyutvikla kartløyning eit godt verktøy for å finne variasjon.

Her er likevel grunn for å ha merksemd også på dei områda der fylket ligg godt an:

- **I del av befolkninga med VGS eller høgare utdanning**, fylket ligg godt an, men delen har blitt jamt lågare sidan 2014. Dette er likt med landet.
- **Delen hushald med låg inntekt** har auka i perioden, sjølv om fylket her er betre enn landsnittet.
- For **luftkvalitet (svevestøv)** har fylket lagt lågare enn landet i eksponering i 2016, 2017 og 2018. Likevel er eksponeringa høgare i 2018 enn i dei to føregåande åra.
- **Valdeltakinga** har vore høgare enn landet i Vestland i 2015 og i 2019. Med regionreform og kommunesamanslåing er det likevel grunn til å følge med på utviklinga over tid.

På tre indikatorar; **muskel- og skjelettlidingar, del 5-åringar utan karieserfaring og vaksinasjonsdekning for meslingar**, er utviklinga positiv over tid og med ei betre utvikling enn landet. Dette gjeld også **fråfall i vidaregåande skule**. Men sistnemnde er eit døme på eit område der landssnittet ikkje nødvendigvis representerer eit ønska nivå. Sjølv om Vestland scorar betre enn landet, er talet likevel høgare enn ønska.

Det er også område der Vestland ligg dårlegare an enn landet:

- **Lågaste meistringsnivå lesing 5. klasse**. Sjølv om utviklinga er noko positiv (27% i 2016/2017), er det framleis ein fjerdedel av 5. klassingane i Vestland som presterer på lågaste nivå i lesing.
- **Del knytt til vassverk**. Så lenge vasskvaliteten og den private oppfølginga er god, treng ikkje det vere eit problem med ein låg del som er knytt til vassverk.
- **Hudkreft, nye tilfelle**. Her ligg Vestland markant høgare enn landet med ein auke særskilt etter 2015. Årsaka til dette er ikkje undersøkt. Folkehelseinstituttet vurderer kvaliteten på desse tala som svært god. Merk at det her er justert for alder, slik at denne skilnaden ikkje kan tilskrivas høg alder i befolkninga.
- **Hjarte- og karsjukdom**. Her har utviklinga over tid vore positiv. Vestland føl utviklinga til landet, sjølv om vi ligg jamt signifikant høgare. Merk at det her er justert for alder, slik at denne skilnaden ikkje kan tilskrivas høg alder i befolkninga.
- Også når det gjeld **antibiotikabruk på resept** føl Vestland utviklinga til landet, sjølv om vi ligg jamt signifikant høgare.

## **Politiske saker**

**PS 14/20 Møteplan for fylkeseldrerådet 2020 - endring**

---

Saknr: 2020/1929-16  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	14/20	28.04.2020

**Møteplan for fylkeseldrerådet 2020 - endring**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å endre tidlegare vedteken møteplan for året 2020.

**Samandrag**

Fylkeseldrerådet skal ha minst seks møter kvart år, og rådet vedtek sin eigen møteplan.

Møteplan for 2020 vart vedteken i rådsmøte 28. januar 2020.

Det vart då avgjort å halde møter på fylgjande datoar:

28. januar, 24. februar, 28. april, 22. september, 27. oktober og 8. desember.

Dersom rådet vel å endre møteplan for inneverande år, må denne godkjennast på nytt i rådet.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

---

Saknr: 2020/1928-42  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	15/20	28.04.2020

**Einerettar for drosje**

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gi uttale i saka om «Einerettar for drosje».

**Samandrag**

Den 1.7.2020 trer ny yrkestransportlov i kraft. Lova vil medføra fleire endringar, blant anna fell makstaletavgrensinga på drosjeløyvetalet vekk, og driveplikta vert fjerna. I den nye lova har fylkeskommunen fått mynde til å gjere inngrep i den opne marknaden i ein kommune ved å tildela "einerett" til ein eller fleire aktørar etter bestemte vilkår. Dette for å sikre eit døgntkontinuerleg tilbod og sikra eit likeverdig tilbod i distriktet.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Idag kan fylkeskommunen påleggja drosjenæringa å ha bilar tilrettelagt for rullestolbrukarar. Når den nye lovendinga trer i kraft 1. juli 2020, vil ikkje fylkeskommunen lenger ha høve til å stille slike krav. Det vil frå same tidspunkt heller ikkje bli gitt refusjon for meirinvesteringar i slike bilar, og i tillegg aukar avgiftene på dei tilrettelagde bilane. Slike vilkår kan føra til at næringa ikkje vil sjå det økonomisk forsvarleg å investera i slike bilar.

Ettersom løyvestyresmakta heller ikkje kan stille krav om storbil/rullestolbil, kan ein også risikere at tilbodet med slike køyretøy vert dårlegare. Dette vil gå ut over særskilte grupper, og føra til eit særskilt dårleg transporttilbod for funksjonshemma.

Ettersom driveplikta på drosjeløyve forsvinn, vil det ikkje lenger være eit krav til løyveharar om døgnkontinuerleg drift. Ein kan då stå i fare for at det døgnope og heilårlege tilbodet ikkje vil vera mogleg å oppretthalde i mange områder. Mange stader med manglande offentleg transport, er drosje einaste tilbodet som mange er heilt avhengige av for å kunne delta i samfunnet. I sentrale strom med mange tilbydarar vil dette mest sannsynleg ikkje påverke tilbodet. Det vert opp til marknadsaktørane sjølve å innretta tilbodet.

Det kan være det kjem andre tilbydarar i distriktet som ein ikkje har i dag, og ein innføring av einerett på førehand vil være ei etableringshindring for desse. Vidare synes det klart at ein einerett i seg sjølv ikkje er eit særleg eigna verktøy for å betra drosjetilbodet. For å gjere ein einerett ettertrakta må den koplast med kontraktskøyring eller være knytt til eit tilskot frå fylket og/eller kommunen.

Eineretten vil ikkje gjelde for pasienttransport. I mange kommunar kan pasienttransporten utgjera ein stor del av køyringa.

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet ynskjer ytterlegare informasjon om den nye yrkestransportlova som trer i kraft 1.7.2020. I den nye yrkestransportlova har fylkeskommunen fått mynde til å gjere inngrep i den opne marknaden i ein kommune ved å tildele "einerett" til ein eller fleire aktørar etter bestemte vilkår. Dette for å sikre eit døgnkontinuerleg og heilårleg tilbod, særleg i distriktet der det ikkje er mogleg å nytte anna transporttilbod .

---

Saknr: 2020/1928-43  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	16/20	28.04.2020

**Fylkeseldrerådet - handlingsplan for perioden 2019-2023, oppfølging av sak**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtok i rådsmøte 28.02.2020 at det skal utarbeidast ein handlingsplan for rådet for valperioden 2019-2023. Fylkeseldrerådet vedtek at det framlagde utkastet til handlingsplan vert gjeldande for arbeidet i fylkeseldrerådet for valperioden 2019-2023.

**Samandrag**

Fylkeseldreråda både i Hordaland og Sogn og Fjordane hadde utarbeidd handlingsplanar for rådsarbeidet i førre periode. Rådet vil vidareføra dette arbeidet i ny fylkeskommune, og vil med dette planmaterialet som grunnlag vedta ein ny handlingsplan for fylkeseldrerådet sitt arbeid i Vestland fylkeskommune for perioden 2019-2023.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane og Hordaland hadde utarbeidd handlingsplanar for sitt arbeide i sist valperiode. Sjølv om handlingsplanane hadde noko ulik utforming, er innhaldet og tema omlag dei same.

Handlingsplanane vart presentert i rådsmøte 24. februar 2020. Der avgjorde rådet at dei ynskjer å vidareføre dette arbeidet inn i ein ny plan som skal vera fylkeseldrerådet i Vestland sin handlingsplan. Planen skal visa retning for rådsarbeidet i inneverande valperiode.

Rådet arbeider med utkast til ny plan. Planutkastet vil bli lagt fram for godkjenning i rådsmøte i førstkomande møte 28. april.

Vedtakskompetanse

Fylkeseldrerådet kan vedta eigen plan for rådsarbeidet

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeseldrerådet vil med bakgrunn i tidlegare handlingsplanar for fylkeseldreråda i Hordaland og Sogn og Fjordane, vedtak ny handlingsplan for rådsarbeidet i Vestland fylkeskommune. Handlingsplan skal vera gjeldande for valperioden 2019-2023.

---

Saknr: 2020/1928-44  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	17/20	28.04.2020

Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024, oppfølging av sak

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å gi uttale til utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024.

**Samandrag**

Fylkeseldrerådet fekk orientering om arbeidet med regional planstrategi 2020-2024 i rådsmøte 28.02.2020. Rådet merka seg då særleg mål 2: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv med følgjande strategiar: menneskevenlege fysiske omgjevnader og trygge og inkluderande lokalsamfunn. Like eins er «Like moglegheiter til å delta i verdiskaping» eit viktig mål. Med bagrunn i dette ynskjer fylkeseldrerådet å gi uttale til planarbeidet.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det førebuande arbeid med regional planstrategi for Vestland fylkeskommune perioden 2020-2024 har starta opp. Fylkesutvalet vedtok i desember 2019 den formelle oppstarten av arbeidet med strategien, men gjennom 2019 har det vore ein lang og god prosess med å førebu arbeidet. Det har vore fem regionale dialogmøter rundt om i Sogn og Fjordane og Hordaland, og utarbeiding av kunnskapsgrunnlag.

Å utarbeide utviklingsplan (regional planstrategi) er ei lovpålagt planoppgåve for fylkeskommunen. Ein slik plan skal vedtakast seinast eitt år etter konstituering av fylkestinget - innan hausten 2020. Strategien skal vere ein overordna utviklingsplan for Vestland fylke og gi retning for satsingar for alle forvaltningsnivå og føringar for regionalt planarbeid i perioden. Den skal også fastsetje kva planar som skal utarbeidast dei komande fire åra. Planstrategien bør innehalde eit oversyn over vedtekne regionale planar som framleis skal gjelde, planar som skal reviderast og planar som skal utfasast. Alle kommunane i fylket skal på same måte utarbeide ein kommunal planstrategi som skal vedtakast i kommunestyra i 2020.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland tilrådde eit felles arbeid med statistikk og utviklingstrekk og integrering av arbeidet med folkehelseoversikt. Arbeidsutvalet i fellesnemnda for samanslåing av dei to fylka, har hatt ansvar for arbeidet med kunnskapsgrunnlaget. Dette arbeidet har resultert i rapporten Vestland - utfordringar for fylket og regionane og rapporten Folkehelseoversikt for Vestland 2019-2020. Desse skal bli lagt til grunn for arbeidet. Fylkeseldrerådet har fått tilsendt desse plandokumenta tidlegare.

Det er planutvalet i Vestland som skal leie prosessen og drøfte vegval undervegs. Arbeidet skal utførast i samråd med Fylkesmannen i Vestland og KS-Vestland om innhald og prosess, og intern medverknad frå fagutvala og ekstern medverknad frå andre relevante organ. Høyringsperioden vil bli i mai til juni, og det kan bli lagt til rette for eksterne høyringsmøte. Fylkeskommunen vil her vurdere å gjenta dialogmøta som vart skipa til regionvis då ein arbeida med kunnskapsgrunnlaget.

Både frå regionalt politisk hald og i nasjonale forventningar til regional planlegging er det understreka at berekraftsmåla til FN skal leggjast til grunn for planarbeidet. I rapporten om utfordringar for Vestland og i folkehelseoversiktsdokumentet er det vist korleis måla til FN heng saman med hovudutfordringar i Vestland. I regional planstrategi er det naturleg å synleggjere korleis planarbeid i Vestland følgjer opp berekraftsmåla til FN.

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet tek presentasjonen i sist møte og informasjonen om arbeidet med utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi til orientering. Rådet kjem med bakgrunn i denne orienteringa til å gi sin uttale til planarbeidet.

---

Saknr: 2020/1928-45  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

### Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	18/20	28.04.2020

### Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysning og tildeling av tilskot

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å gi uttale til saka om Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysning og tildeling av tilskot.

### Samandrag

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ei tilskotsordning der målet er å leggje til rette for formidling av profesjonell kunst og kultur til eldre. Tilskotet skal nyttast til kulturtilbod av høg kvalitet og vera tilgjengeleg på arenaer der eldre har sitt daglege liv. Fylkeskommunane har hatt ansvar for å forvalte denne ordninga frå 2014. Det er ikkje øyremerka midlar til ordninga, dette ligg inne i rammetilskotet og skal tidelast kommunane etter søknad. Fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland har hatt kvar sine retningslinjer for utlysning og tildeling av midlane. Det vert no arbeida med eins retningslinjer for Vestland fylkeskommune.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssektretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) skal leggje til rette for profesjonell kunst- og kulturformidling til eldre i eit samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgssektoren. Fylkeskommunen har ansvar for å forvalte ordninga. Midlane ligg i rammetilskotet, og det er kommunane som kan søkje tilskot frå ordninga.

Samla tilskot for 2021 i Vestland fylke er 3 980 000 kr (auke på 59 000 kr frå 2019).

Fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane har hatt kvar sine retningslinjer for utlysing og tildeling av midlane. Det er behov for å vedta eins retningslinjer for Vestland fylkeskommune.

Retningslinjer og kriterium for tildeling i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane har vore ulik. Søknadsfrist i Hordaland var i 2019 den 2. september. I Sogn og Fjordane var fristen 1. juni. Det var krav om rapportering om bruk av 2018-midlane samstundes som ny søknad vart send. I Hordaland vart det ikkje kravt rapport om bruk av fjorårets midlar.

I Hordaland gjaldt følgjande kriterium for tildeling:  
Det låg til grunn ein fordelingsnøkkel med kvantitative og kvalitative kriterium. Kvantitative kriterium skulle vektast 80 prosent og kvalitative 20 prosent.

Sogn og Fjordane har tilsvarande lagt til grunn kvantitative og kvalitative kriterium, men har ikkje fastsett fordelingsnøkkel (vekting) mellom kriteria. Aldersgrensa var her sett til 70 år.

Alle kommunane, både i Hordaland og i Sogn og Fjordane har søkt og fått tilskot, så sant søknadene oppfylte kriteria.

I Sogn og Fjordane var det i 2019 ein samla søknadssum på 2 459 000 kr til DKSS. Til saman 921.000 kr vart fordelt på kommunane. I Hordaland var det i 2019 ein samla søknadssum på 3 924 000 kr, og til saman 3 000 000 kr vart fordelt.

Kriteria i dei to fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane var i stor grad overlappende. Grunnprinsippa vil det såleis vere naturleg å halde på. Kvantitative kriterium sikrar at ein i utgangspunktet får fordelt midlane breitt og objektivt på flest mogleg kommunar. Vurdering etter kvalitative kriterium gir rom for å prioritere dei beste prosjekta med tanke på innhald og form.

Fylkeskommunen bør ha som mål å vere i dialog med kommunane for å utvikle gode prosjekt innan DKSS. I tråd med statlege føringar ( St.meld. nr. 25, 2005-2006 Mestring, muligheter og mening) bør det vere særleg vekt på tiltak som er tverrsektorielle, prosjekt som byggjer på samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgssektoren. Det vil på sikt vere nyttig å kartleggje arbeidet med DKSS meir grundig og å vidareutvikla samarbeidet med DKSS-kontaktane i kommunane. Dette vil vere eit bidrag til utvikling av kultur og helsearbeidet i kommunane og fylkeskommunen, og i tråd med intensjonane om tilpassa kulturaktivitetar i «Leve Hele Livet»-reforma ( St.meld. nr. 15, 2017-2018 Leve hele livet - en kvalitetsreform for eldre ).

Kommunane samarbeider med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og organisasjonar for å få til programtilbod for eldre lokalt. I 2019 har det òg vore eit utprøvande samarbeid mellom DKSS og Den kulturelle skulesekken (DKS) i Sogn og Fjordane. DKS har turnear som i nokre tilfelle kan vere like relevante for eldre som for born i skulealder. Det gir høve til fleirbruk av programtilbod. I tillegg kan ein gjennom felles program leggje til rette for verdifulle møte på tvers av generasjonane.

Mengda søknader i eit større fylke tilseier at søknadsfristen bør vere før sommaren. Det er føreslege å leggje aldersgrensa 67 år til grunn ved tildelinga. Dette har vore gjeldande grense i Hordaland. Ved å gå for denne ekskluderer ein ikkje dei som allereie er inne i ordninga i denne delen av fylket, men utvidar i staden grensa for dei kommunane som soknar til tidlegare Sogn og Fjordane.

Tildelinga kan då skje i hovudutvalsmøtet i september. Rapportering på fjorårets midlar bør vere eit krav med same frist som søknadsfristen.

I framlegget er dei kvalitative kriteria i dei to tidlegare fylkeskommunane forsøkt samanfatta og forenkla. Kriteriesettet vil honorere kvalitet i innhald, potensial for nyskaping, samarbeid på tvers i

kommunane, god plan for gjennomføring av tiltaka og at programinnhaldet samla er tilpassa fleire målgrupper.

Framlegg til nye retningslinjer for utlysning og tildeling av tilskot fylgjer i vedlagt saksdokument frå møte i hovedutval for kultur, idrett og integrering 3. april 2020.

Vedtak i saka var fylgjande:

«Hovedutvalet for kultur, idrett og integrering vedtek framlegg til retningslinjer for tilskotsordninga Den kulturelle spaserstokken slik det går fram av saksframstilling».

#### Konklusjon

Den kulturelle spaserstokken vart handsama i hovedutval for kultur, idrett og integrering 3. april 2020. Fylkeseldrerådet har ikkje vore førelagt saka til uttale før handsaminga i hovedutvalet. Rådet ynskjer å gi uttale til arbeidet med Den kulturelle spaserstokken, og har merka seg at hovudutval for kultur, idrett og integrering får tildelingssaka til handsaming i septembermøtet.



---

Saknr: 2020/42913-1  
Saksbehandlar: Simen Lagesen Krogstie

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.03.2020

**Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysing og tildeling av tilskot**

Forslag til vedtak

Hovudutvalet for kultur, idrett og integrering vedtek framlegg til retningslinjer for tilskotsordninga Den kulturelle spaserstokken slik det går fram av saksframstillinga.

**Samandrag**

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ei tilskotsordning der målet er å leggje til rette for formidling av profesjonell kunst og kultur til eldre. Frå 2014 har fylkeskommunane hatt ansvar for å forvalte ordninga. Midlane ligg inne i rammetilskotet, og skal tildelast kommunane etter søknad. Det er behov for retningslinjer for utlysing og tildeling av midlane i Vestland fylke.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Siri Ingvaldsen  
seksjonssjef kulturformidling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) skal leggje til rette for profesjonell kunst- og kulturformidling til eldre i eit samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgssektoren. Fylkeskommunen har ansvar for å forvalte ordninga. Midlane ligg innbaka i rammetilskotet, og det er kommunane som kan søkje tilskot frå ordninga. Tilskotet skal nyttast kulturtilbod av høg kvalitet og vere tilgjengeleg på arenaer der eldre har sitt daglege liv.

Samla tilskot for 2021 i Vestland fylke er 3 980 000 kr (auke på 59 000 kr frå 2019).

Fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane har hatt kvar sine retningslinjer for utlysing og tildeling av midlane. Det er behov for å vedta eins retningslinjer for Vestland fylke.

### Retningslinjer og kriterium for tildeling i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane

Søknadsfrist i Hordaland var i 2019 2. september. I Sogn og Fjordane var fristen 1. juni, og det var krav om rapportering om bruk av 2018-midlane samstundes som ny søknad vart send. I Hordaland vart det ikkje kravt rapport om bruk av fjorårets midlar.

I Hordaland gjaldt følgjande kriterium for tildeling:

Det låg til grunn ein fordelingsnøkkel med kvantitative og kvalitative kriterium. Kvantitative kriterium skulle vektast 80 prosent og kvalitative 20 prosent.

Kvantitative:

- tal på innbyggjarar over 67 år i kommunen (vekting 60 prosent)
- del av befolkninga som er over 67 år (vekting 10 prosent)
- areal (vekting 10 prosent)

Kvalitative:

- programinnhald
- nyskaping
- utvikling av program
- samarbeid

Sogn og Fjordane har tilsvarende lagt til grunn kvantitative og kvalitative kriterium, men har ikkje fastsett fordelingsnøkkel (vekting) mellom kriteria. Aldersgrensa var her sett til 70 år.

Kvantitative:

- tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen
- del av befolkninga som er over 70 år
- areal

Kvalitative:

- programinnhald
- nyskaping
- utvikling av program
- samarbeid
- å medverke til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod på arenaer der eldre held til i dagleglivet
- gjennomføringsevne
- tilbod til mange

Både i Hordaland og i Sogn og Fjordane har alle kommunane som har søkt, fått tilskot, så sant søknadene oppfylte kriteria.

I Sogn og Fjordane var det i 2019 ein samla søknadssum på 2 459 000 kr til DKSS. Til saman 921.000 kr vart fordelt på kommunane. I Hordaland var det i 2019 ein samla søknadssum på 3 924 000 kr, og til saman 3 000 000 kr vart fordelt..

Tildeling i 2019 var for tiltak som skal gjennomførast i 2020.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

### Vurderingar og verknader

Kriteria i dei to fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane var i stor grad overlappande. Grunnprinsippa vil det såleis vere naturleg å halde på. Kvantitative kriterium sikrar at ein i utgangspunktet får fordelt midlane breitt og objektivt, på flest mogleg kommunar. Og vurdering etter kvalitative kriterium gir rom for å prioritere dei beste prosjekta med tanke på innhald og form.

Fylkeskommunen bør ha som mål å vere i dialog med kommunane for å utvikle gode prosjekt innan DKSS. I tråd med statlege føringar (*St.meld. nr. 25, 2005-2006 Mestring, muligheter og mening*) bør det vere særleg vekt på tiltak som er tverrsektorielle, prosjekt som byggjer på samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgssektoren. Det vil på sikt vere nyttig å kartlegge arbeidet med DKSS meir grundig og å vidareutvikle samarbeidet med DKSS-kontaktane i kommunane. Dette vil vere eit bidrag til utvikling av kultur og helse-arbeidet i kommunane og fylkeskommunen og i tråd med intensjonane om tilpassa kulturaktivitetar i Leve heile livet-reforma (*St.meld. nr. 15, 2017-2018 Leve heile livet - en kvalitetsreform for eldre*).

Kommunane samarbeider med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og organisasjonar for å få til programtilbod for eldre lokalt. I 2019 har det òg vore eit utprøvande samarbeid mellom DKSS og Den kulturelle skulesekken (DKS) i Sogn og Fjordane. DKS har turnear som i nokre tilfelle kan vere like relevante for eldre som for born i skulealder. Det gir høve til fleirbruk av programtilbod. I tillegg kan ein gjennom felles program leggje til rette for verdifulle møte på tvers av generasjonane.

Mengda søknader i eit større fylke tilseier at søknadsfristen bør vere før sommaren. Etter gjennomgang og vurdering av søknadene kan tildelinga då skje i hovudutvalsmøtet i september. Tidsramma gir rom for planlegging av neste års program i kommunane. Rapportering på fjorårets midlar bør vere eit krav med same frist som søknadsfristen. Rapportane gir grunnlagsinformasjon som er nyttig i vurderinga av årets søknader.

Fylkesdirektøren foreslår å leggje aldersgrensa 67 år til grunn ved tildelinga. Dette har vore gjeldande grense i Hordaland. Ved å gå for denne ekskluderer ein ikkje dei som allereie er inne i ordninga i denne delen av fylket, men utvidar i staden grensa for dei kommunane som soknar til tidlegare Sogn og Fjordane.

I framlegget er dei kvalitative kriteria i dei to tidlegare fylkeskommunane forsøkt samanfatta og forenkla. Kriteriesettet vil honorere kvalitet i innhald, potensial for nyskaping, samarbeid på tvers i kommunane, god plan for gjennomføring av tiltaka og at programinnhaldet samla er tilpassa fleire målgrupper.

### Framlegg til retningslinjer for utlysing og tildeling av tilskot

Midlane vert utlyste med søknadsfrist 1. juni.  
Tildeling skjer i Hovudutval for kultur, idrett og integrering i september.  
Midlane skal nyttast det påfølgande året.  
Frist for rapportering av fjorårets midlar er 1. juni.  
Kommunane nyttar søknadsskjema som ligg på nettsidene til VLFK.

### Kriterium

Ved tildelinga skal kvantitative og kvalitative kriterium vektleggast høvesvis 80 og 20 prosent.

#### Kvantitative:

- tal på innbyggjarar over 67 år i kommunen (veking 60 prosent)
- del av befolkninga som er over 67 år (veking 10 prosent)
- areal (veking 10 prosent)

#### Kvalitative:

- tiltak/programinnhald
- nyskaping
- samarbeid
- gjennomføringsevne
- tilbod til mange

**Økonomi:** Denne saka legg føringar for bruken av tilskotsmidlar som ligg i budsjett 2020. Ordninga vert lyst ut, og hovudutvalet vedtek fordeling av midlane på bakgrunn av innkomne søknader.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Eit godt kulturtilbod er sentralt i folkehelsearbeidet.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga er eitt av verkemidla for å følgje opp mål om varierte og kvalitativt gode kulturtilbod til alle i *Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* og *Premiss: kultur, regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.

Konklusjon

Midlar frå Den kulturelle spaserstokken vert utlyste med søknadsfrist 1. juni. Kommunane rapporterer samstundes på fjorårets tilskot. Midlane vert fordelte med grunnlag i vedtekne kriterium. Hovudutval for kultur, idrett og integrering får tildelingssaka til handsaming i septembermøtet.

---

Saknr: 2020/1928-46  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

### Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	19/20	28.04.2020

### Høyring - Forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetenesta

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å gi uttale til høyringsnotatet om «Alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetjenesten, og endringer i registreringer av ventetid».

### Samandrag

Helse- og omsorgsdepartementet sende 15. januar 2020 «Forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetjenesten» på høyring. Høyringsfristen vart sett til 15. april 2020. Koronautbrotet har medført ein ekstraordinær situasjon som innebære at fleire sentrale høyringsinstansar har hatt utfordringar med å svara på høyringa innan fristen. Helse- og omsorgsdepartementet har difor avgjort å utsetja høyringsfristen til 1. juni 2020.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Norge har gode helse- og omsorgstenester sett i ein internasjonal samanheng. Tilgang til og den behandling som vert tilbydd skal vera likeverdig for alle, uavhengig av sosial bakgrunn eller kvar i landet ein bur. Dei seinare åra har det vore mykje merksemd og diskusjon rundt registrering og praktisering av regelverket knytt til ventetid og pasienten sitt forløp i spesialisthelsetenesta. Det er ein risiko for at den same henvisningen kan bli vurdert ulikt, og det kan bli gitt rettar avhengig av korleis regelverket vert tolka. Det medfører ein risiko for at pasientane sine rettar ikkje vert registrert rett, og dermed påverkar det statistikk og styringsinformasjon om ventetid.

Det er særleg skille mellom frist til utredning og frist til behandling som har skapt utfordringar. Det har for eksempel vore stilt spørsmål om reduksjonen i ventetid sidan 2013 har vore reell. Som følgje av dette fekk Helsedirektoratet i juni 2016 oppdrag om å utreda fleire forhold knytta til ventetidsregistrering. Rapporten vart publisert i mai 2017. Helsedirektoratet si vurdering var at ventetida på nasjonalt nivå samla sett går ned. Helsedirektoratet føreslo to tiltak i rapporten. Det eine var at regelverket måtte foreinklast og det andre var at dei pasientadministrative systema måtte forbetrast. Helsedirektoratet fekk som følgje av dette eit nytt oppdrag, og leverte ein utredning til departementet i juli 2018. Denne rapporten var på tre månaders høyring i 2018.

Hovedformålet med forslaga i dette høyringsnotatet er å leggja til rette for betre pasientforløp. Pasientane skal oppleva gode, sikre og føreseielege pasientforløp. Pakkeforløp er eitt eksempel på tiltak som kan bidra til at pasientar får eit behandlingsforløp som er helheitleg og forutsigbart, utan unødig ventetid.

Det er innført pakkeforløp for kreft, hjerneslag, psykisk helse og rus, og Helsedirektoratet utviklar pakkeforløp for fleire diagnosar. Andre sentrale formål med forslaga i høyringsnotatet er å redusera uønska variasjon mellom sjukehus og regionar og forbetre kvaliteten på registreringa i spesialisthelsetenesta.

Det er ei overordna målsetjing at endringar i registreringa i utgangspunktet ikkje skal bidra til større administrativ byrde for sjukehusa og helsepersonell, men skal sikra god og påliteleg oversikt over utviklinga i ventetid og kvalitet i tenesta.

Departementet meiner det er behov for tiltak både på både kort og lang sikt, både rettslege og ikkje-rettslege tiltak. Bruk av verkemiddel må tilpassast kva ein ønskjer å oppnå - og om verkemiddelet er eigna. Til dømes vil ikkje nødvendigvis regelverksendringar eller nye pasientrettar alltid vera det rette svaret på utfordringar knytta til pasientforløpet. I mange tilfeller kan endringar i praksis, tilrettelegging for informasjonsutveksling og betre informasjon til pasientar vera vel så eigna tiltak for å oppnå gode pasientforløp.

På kort sikt er det eit behov for å rydda i regelverket slik at like pasientar får like rettar, uavhengig av kvar dei mottek helsehjelpa. Skillet mellom frist til utredning og frist til behandling har vore vanskeleg å forstå og praktisera. Dette er godt dokumentert gjennom ulike rapporter seinare åra. Regjeringa er oppteken av å forenkla og forbetra dagens modell utan at pasienten sine rettar blir svekka i møte med spesialisthelsetenesta. Det er avgjerande at pasientane får god og forsvarleg helsehjelp frå rett kompetanse til rett tid - utan unødig venting.

Helse- og omsorgsdepartementet arbeider med eventuelle større justeringar i regelverket som kan innførast på lengre sikt.

Regjeringa sitt mål er å skapa gode helse- og omsorgstenester der alle skal ha tryggleik for å få hjelp når ein treng det. Det er viktig at pasienten blir ivareteken og informert, at ein opplever å kunne påverke og har høve til å treffe val som gjeld sin eigen situasjon.

Helse- og omsorgsdepartementet sende 15. januar 2020 «Forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetjenesten» på høyring. Høyringsfristen var sett til 15. april 2020, men er no utvida til 1. juni 2020.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeseldrerådet vil med bakgrunn i høyringsnotatet som vert sendt ut og informasjon elles, gi uttale til «Alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetjenesten, og endringer i registreringer av ventetid» innan fristen 1. juni 2020.



DET KONGELIGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Se liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	19/4260 - Atle Gøhtesen	15. januar 2020

## Høringsbrev - forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetjenesten

Helse- og omsorgsdepartementet sender på høring forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetjenesten. Dette vil innebære endringer i pasient- og brukerrettighetsloven.

Helsedirektoratet fikk i august 2017 i oppdrag å utrede og skissere alternative modeller for hvordan pasienters pasientforløp i spesialisthelsetjenesten kan reguleres og registreres. Formålet med oppdraget var å få frem et godt beslutningsgrunnlag for eventuelle endringer. I rapporten ble det presentert tre ulike modeller for regulering av pasientforløp. Høringen av rapporten ga ingen klar indikasjon på hvilken modell som foretrekkes av høringsinstansene, men det var enighet om at alle modellene var en forbedring fra dagens regulering. Høringsnotatet som nå sendes ut er en oppfølging av denne rapporten.

Etter dagens regelverk skal pasient som henvises til spesialisthelsetjenesten få informasjon innen 10 dager etter at henvisningen er mottatt om han eller hun har rett til nødvendig helsehjelp. Dersom pasienten har slik rett, skal det samtidig informeres om tidspunkt for når utredning eller behandling skal settes i gang. Dette skillet mellom juridisk frist til utredning og juridisk frist til behandling har vært vanskelig å forstå og praktisere, og gir ikke nødvendigvis pasientene et bedre pasientforløp. I høringsnotatet foreslås det derfor å oppheve skillet mellom juridisk frist til utredning og behandling, og at den juridiske fristen i stedet knyttes til første oppmøte i spesialisthelsetjenesten. Dette gjøres gjennom en endring i pasient- og brukerrettighetsloven § 2-2.

Videre foreslås det i høringsnotatet endringer i pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 b andre ledd. I de senere årene har det ved ulike anledninger blitt tatt opp sammenhengen

Postadresse	Kontoradresse	Telefon*	Avdeling	Saksbehandler
Postboks 8011 Dep	Teatergt. 9	22 24 90 90	Helserettsavdelingen	Elisabeth Salvesen
0030 Oslo		Org.nr.		22 24 85 56
postmottak@hod.dep.no	www.hod.dep.no	983 887 406		



mellom prioriteringsforskriften og retten til nødvendig spesialisthelsetjeneste som er regulert i pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 b. Blant annet har Justis- og beredskapsdepartementet påpekt at prioriteringsforskriften § 2 første ledd ut fra sitt innhold er en så viktig bestemmelse at den burde fremgå av lovbestemmelsen og ikke bare av forskriften. Det samme ble tatt opp av Magnussen-utvalget i rapporten "På ramme alvor".

Forslaget i høringsnotatet innebærer at det vil fremgå av lovs form at retten til nødvendig helsehjelp fra spesialisthelsetjenesten er avhengig av forventet nytte av helsehjelpen, og at den forventede ressursbruken står i et rimelig forhold til den forventede nytten av helsehjelpen. Det understrekes at forslaget ikke vil endre på hvilke pasienter som skal tildeles rett til nødvendig helsehjelp i spesialisthelsetjenesten. Forslaget til endring i pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 b er av lovteknisk karakter og handler om å presisere det som fremgår av dagens prioriteringsforskrift § 2 første ledd i lovs form.

Vi ber om at høringsuttalelsene avgis digitalt på våre nettsider. Høringsinstansene kan registrere seg, mellomlagre uttalelsen og laste opp vedlegg. Høringsinstansene kan også sende høringsuttalelse uten å registrere seg.

Alle kan avgi høringsuttalelse. Uttalelsene er som hovedregel offentlige etter offentlighetsloven og vil bli publisert. Høringsinstansene blir bedt om å vurdere om høringsnotatet bør sendes til underliggende etater eller virksomheter, tilknyttede virksomheter, medlemmer e.l.

Høringsfristen er 15. april 2020.

Spørsmål om høringen kan rettes til spesialrådgiver Atle Gøhtesen på e-post [atle.gohtesen@hod.dep.no](mailto:atle.gohtesen@hod.dep.no) eller telefon 22 24 85 97.

Med hilsen

Kari Sønnerland (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Elisabeth Salvesen  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*



DET KONGELIGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Se høringsliste

Deres ref

Vår ref

Dato

19/4260-

2. april 2020

### Utsatt høringsfrist - forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetjenesten

Helse- og omsorgsdepartementet sendte 15. januar 2020 på høring forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetjenesten. Høringsfristen ble satt til 15. april 2020.

Koronautbruddet har medført en ekstraordinær situasjon som innebærer at flere sentrale høringsinstanser vil kunne få utfordringer med å besvare høringen innen fristen. Helse- og omsorgsdepartementet har derfor besluttet å utsette høringsfristen til **1. juni 2020**.

Spørsmål om høringen kan rettes til spesialrådgiver Atle Gøhtesen på e-post [atle.gohtesen@hod.dep.no](mailto:atle.gohtesen@hod.dep.no) eller telefon 22 24 85 97.

Med hilsen

Elisabeth Salvesen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Atle Gøhtesen  
spesialrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Postadresse  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo  
[postmottak@hod.dep.no](mailto:postmottak@hod.dep.no)

Kontoradresse  
Teatergt. 9  
[www.hod.dep.no](http://www.hod.dep.no)

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
983 887 406

Avdeling  
Helserettsavdelingen

Saksbehandler  
Atle Gøhtesen  
22 24 85 97

---

Saknr: 2020/1928-47  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	20/20	28.04.2020

Vidareføring av servicelinjene i Bergen - aldersvenleg transport

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Samandrag**

Fylkesutvalet handsama "Servicelinjene i Bergen" i sak 261/2018. Vedtaket i saka var at fylkeskommunen ikkje ville vidareføra servicelinjene i Bergen når kontrakten går ut 30. juni 2020. Vedtaket seier også at det skal gjennomførast ei utgreiing av framtidige behov og moglege løysingar for denne type transporttenester - og at Bergen kommune skal involverast i arbeidet. I budsjettprosessen for 2020, i fylkestingssak 14/2019, vart det gjennom verbalpunkt gjort vedtak om å oppretthalde servicelinjene i Bergen ut 2020. Fylkeseldrerådet i Hordaland hadde saka føre i rådet og ga uttale i saka då den var oppe til politisk handsaming i 2018.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Skyss har hatt ansvaret for servicelinjene sidan 2007, og drifta er anbudsutsett på same måte som dei andre transporttilboda. Kontrakten for dagens servicelinjer går ut 30. juni 2020, med moglegheit for bruk av opsjon i to ekstra år. Vedtaket i fylkesutvalet i Hordaland i sak 261/2018 seier også at det skal gjennomførast ei utgreiing av framtidig behov og moglege løysingar for denne brukargruppa. Bergen kommune skal involverast i arbeidet. Utgreiinga er nyleg ferdigstilla og vil bli lagt fram for politisk handsaming våren 2020.

Servicelinjene i Bergen består av fire busslinjer der tilbodet og bussmateriellet er tilpassa eldre og rørslehemma. Linjene skil seg frå dei ordinære busslinjene ved å ha stor flatedekning i eit avgrensa område, spesielt tilrettelagt bussmaterieil og har avgangar midt på dagen. Krav om universell utforming av alt bussmaterieil, samt oppgradering av haldeplassar og terminalar dei siste åra, har ført til at terskelen for å nytte ordinær kollektivtransport er senka. Mange eldre bur utanfor gangavstand til haldeplassane og det er særleg denne målgruppa servicelinjene er retta mot. Eldre sine reisevanar i Bergen er knytt opp til tida utanom morgon- og ettermiddagsrushet, og det er gjerne korte reiser - både i avstand og tid. Føremål med reisene kan vera innkjøp, ærend og fritidsaktivitetar.

Det er berre i Bergen at servicelinjer inngår i kollektivtilbodet i regi av Skyss, men det er fleire kommunar i Vestland som sjølv drifrar denne type transporttenester. Det er etablert servicetransport i fleire kommunar siste åra med meir fleksible tilbod som baserer seg på å køyre ved behov eller faste dagar i faste ruter. Mange eldre opplever utfordringar ved bruk av ordinær kollektivtransport, det kan vera avdi materiellet ikkje er universelt utforma, nærleik til tilbodet/haldeplassar eller kor enkelt det er å kome seg til/frå ønska reisemål.

Ein ser også ei utvikling av ulike konsept for meir fleksible transportløysingar. For «HentMeg»-prosjektet i Odda, eller Uber vert planlegginga heilautomatisert. Det vil vera viktig at ein etter kvart kan etablere slike transporttilbod også fleire stader i fylket. Folketalsutviklinga viser at det vert stadig fleire eldre, og det blir fleire heimebuande eldre. Det vil setje krav til mobilitet slik at eldre framleis kan vera aktive i lokalsamfunnet og delta i ulike aktivitetar, også på kveldstid.

Det eksisterer mange ulike løysingar innafor behovsbaserte mobilitetstilbod i Norge i dag, alt frå faste ruter som berre vert køyrd på bestilling, til heilt opne tingingsbaserte løysingar som køyrer fritt innafor ei sone. Fleire fylkeskommunar har prosjekt knytta til aldersvenlege transportløysingar og ulike bestillingsløysingar. Blant anna har Ruter eit nytt busstilbod (rosa busser) for eldre over 67 år. Tilbodet vert no testa ut i fire bydeler i Oslo. Tilbodet går ut på at ein tilrettelagt minibuss henter deg heime og køyrer deg fram og tilbake dit du ynskjer innanfor bydelen. Billettprisen er den same som honnørbillett hjå Ruter. Bestilling skjer via telefon eller via Aldersvennlig-appen og må tingast ein time før avreise. Betaling skjer via app eller reisekort.

### Konklusjon

Saka vert lagt fram utan tilråding..